

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jølster.

Emne:

Bygdelag: Eikås og Gjesdal krinsar

Oppskr. av: Eirik Hjelmbrække.

Gard: Målteig

(adresse):

G.nr. 59 Br.nr. 18.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1 - 6.

Det hende einkvan møtte ^{ein} likbleik mann ute på tunet ein kveld, ein mann dei kjende. Denne levande daudinga kalla dei "framfaren". Han Anders Storetre på garden Storetre i Jølster, gard nr. 58, bruk nr. 1, møtte ein dauding ute på tunet ein vinterkveld. Han kjende ikkje mannen, men peika mot kyrkjegarden, som dei alltid gjorde når dei møtte framfaren åt nokon. Då kvarv dei. Han Anders undra seg mykje over kven det var han såg ute, men kom ikkje på kven det kunde vera. Morgonen etter, då han sat og kledde på seg skinnbroki, gjekk det eit ljøs upp fyre han. Det var seg sjølv han møtte. Dagen før hadde han Anders sett nye skinnbøter på buksa si, på knei, og daudinga han møtte, hadde nye bøter på buksa si. Han Anders hadde slekt på garden Åsen i Førde, og han laga seg yx til straks og drog på Åsen og bad velleve med skyldfolket sitt der nede. Det var siste gongen dei fekk sjå han, sa han. Det var ikkje mange vekone han levde etter dette.

Elles såg dei stundom folk som var ute og gjekk, og som ikkje på naturleg måte kunde vera på den staden dei var. Ein mann møtte henne Johanna Espehaug ^{byrskylad} oppmed bøgarden, men ho låg sjuk heime i sengi. Det var

ikkje noko godt merke, tenkte mannen. Ho døydde likevel ikkje so snøgt. Det var elles eit godt merke at dei gjekk kyrkjekledde. Gjekk dei med larkute klede, eller bar dei ein solv, var det eit låkt merke, men mannen som fortalde dette, visste ikkje kva dei meinte med dei gode eller låke merki. Det var bod um avferd.

Fekk eit menneske det ansamt med å bera kledi sine eller skorne sine inn i stova, men tok dei att um ei liti stund og sette dei på plass att, var det bod um avferd. Ei kone på Holsen i Førde var eit grav til åta (fekk lite i seg) Men ein dag åt ho godtso heile dagen. Um kvelden døydde ho. I same sokni (Holsen) gjekk ei kone ut for glaset jolaftan og skulde sjå inn i stova um nokon sat utan hovud. Ho såg seg sjølv sitja hovudlaus inne. Då uvita ho og seig ned, so dei måtte ut og bera henne inn. Feigda-lusi var au bod um at dei skulde snart døy. Lusi ~~kxx~~ kunde dei ha på hals, hovud, armar og kvar som helst på kroppen. Dei fekk nokre små køynor, likna mest på skjegg - kvese. Fyrst var dei raude, men ljøsna etter kvart, sameleis som med svullar. Når kvesone var heilt ljose, kleip dei ut lusi, ei liti ljøs kule. Men det var liti hjelp i, sa Johannes Espehaug, forteljaren, det kom snart ei ny køyne att med der dei hadde klipe ut ei. Dei laga smilsj mot feid^galusi : tok mold under ei likkiste, mold som ikkje hadde vore upp i dagen, blanda moldi med vatn og rørde det i hop, so det vart som ei supe. Dette smurde dei på lus-kvesone.

Når eit sjukt menneske, som låg til sengs, tok til å arbeida med sengteppet, slita i det og draga det upp, og so føra det nedatt, var det bod um at dei hadde ikkje lenge att. Dei segjer at dette gjeld no au.

Sp.7 - Sp.7 - 8. Har ikkje fått svar på dette.

" 9. Når ein sjuk andast, letta dei på ljoren. So måtte det vera heilt stilt i romet. Ingen måtte tala, ikkje gråta høgt og ikkje beda høgt, ikkje gjera noko som den sjuke kunde høyra. Var det ikkje stilt i romet, kunde han som skulde døy eller som hadde andast, slå uppatt augneloki etter dei ~~kxxxx~~ var attlatne. Det måtte ikkje henda.

Sp.10-12.

Det vanlege var at dei sende bod etter presten. Den dagen dei venta presten, vaska dei golvet i stova og ~~ixdxkxpåbordetydsixsomhadddxxkx~~. Han eller ho som var sjuk, fekk nyvaska skjorte på seg. Eit lite bord vart sett attmed sengi, attmed hovudgjerdi. På bordet la dei kvit duk, og attmed bordet sette dei ein stol, som presten skulde sitja. Ein ljosestake med ljøs i sette dei på bordet. Folket i huset kledde på seg sundagskledi. Presten sette seg på stolen og tala med den som låg i sengi, spurde um han var sjuk og korleis sjukdomen ovra seg, og um han var nøgd med å flytta, og um han var buen til avferdi. So las presten eit bibelord og tala med den sjuke ut frå det ordet. So kledde presten på seg kjolen. Dei kveikte ljoset, og dei som var inne stod rundt bordet, dei au skulde vera med nattverden. Dei song, og presten las det same som presten las i kyrkja når det var nattverd. So song dei ein salme etter nattverden. Eil slutt fekk presten mat, um ~~Sp.13~~ han hadde tid til å venta. På Ospehaug fekk han rjomegraut, men ikkje noko attåt, ikkje brød.

Sp. 13. Dei eg har spurt, har ikkje høyrte um det.

Sp. 14. Dei sa um folk som døyde at dei somma, andast, slokna, hadde stridt ut, flytta - fekk flytta

Sp. 15. Ukjent.

4 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp.16. Nei,ingen veit um at her har vore skinndaude menneske.

Sp.17. Dei la salmebok under haka,so munnen skulde skulvera att. Mynt på augneloki har ~~dei ikkje høyt gjakk u,~~ *au vore mytta* ~~men~~ og ikkje at dei batt kjaken upp med eit band.

Sp.19.Næraste slekti vart varsla,um dei budde i nærleiken, Men elles var det visst ikkje fast regel at grannar skulde få dødsbodet,og ikkje kven som skulde vitra nære slektningar.

Sp.21.Ukjent.

Sp.22.Dei hengde ein kvit duk upp for glaset,eller ein kvitel.stundom for berre eitt glas og stundom ~~xxxxxxx~~ baae glasi.Sperrestovone hadde til vanleg berre glas i ramen,tvo glas.Men det kunde ikkje verta heilt myrkt i romet,so ofte rakk ikkje duken eller kvitelen upp for øvste glastråma

Sp.23.Liket låg vanleg kring 12 timar før dei tok det or sengi. Døydde han (ho) um kvelden,låg liket i sengi til neste morgon,og døydde det ein morgon,låg det i sengi til kvelde.

Sp.25.Dei stelte til ein flake som dei la liket på.Flaken var laga av bord eller plankar, *eller av 2 benker, sett jarnsides*

26.Fyrst la dei noko halm på flaken,og so la dei liket oppå.

Sp.26.Dei sa liket låg på likstrå når det låg på flaken.

Halmen i sengi vart ikkje nemnd likstrå.

Sp.27. I Eikås og Gjesdal brende dei ikkje senghalmen ~~brend~~ med ein gong etter den sjuke hadde sovna.Men i grannesokni Holsen brende dei senghalmen med same dei la liket fram,la det på likstrå.Til vanleg brende dei siste kledi den døde hadde nytta,serleg dei som var mykje slitne-gjeld Eikås og Gjesdal.

Sp.29.Både senghalmen og likstråhalmen vart brend gravferdsdagen.Med same dei kørde liket frå tunet,kveikte dei i halmen.Det var kokken som gjorde ^{det}

Folket la vel merke til kva leid røyken drog. I det tunet han stemnde mot ,vart fyrste gravferdi i grendi

Sp.30. Det ymsa vel noko,men liket låg 10-12 timar før det vart stelt.

Sp.31. Truleg var det midalders konor. I Flugegrendi i Eikås var det Eivo konor som var visse til stella liket. Dei heitte bae Helga Fluge. Bae tykte um arbeidet, det var ærefullt, tykte dei.

Sp.32. Nei, dei gjekk i dei vanlege sundagskledi når dei stelte eit lik. Ho som stelte liket, la sveitteduken og svøypet på andletet gravferdsdage, før loket vart lagt på kista.

Sp.33. Ja, håret vart stelt. Dei vaska liket, so dei måtte kjemba håret.

Sp.34. Eit mannslik vart raka, men det var ikkje kvinnone som gjorde det arbeidet. Dei fekk ein kar til å raka.

Sp.35. ~~Sjå sp.33.~~ Kristina Leirgrovbakke trudde dei klypte ~~Sp.~~ neglene, men andre har sagt dei hørde ikkje gjete det.

Sp.36. Sjå sp.33.

Sp.37. Ukjent.

Sp.38. Dei sa dei svøyppte liket

Sp.39. Likkledi kalla dei svøyp.

Sp.40. Når dei kjøpte lerrefte til svøypet, sa dei liklaken. Det var 14-15 alner langt. Når dei la det ned på kistebotnen, rakk det noko ~~lenger~~ framum hovudgavlen i kista, so langt at dei kunde kunde leggja det fram yver andlitet på liket. Når liket var lagt i kista, la dei bae langsidane på svøypet inn på liket. So la dei svøypet på frå forgavlen, og til slutt la dei svøypet fram yver andlitet, frå hovudgavlen.

Sp.41. Nei, eg har ikkje høyrte tale um at dei bruka brudelakenet til liklaken.

Sp.42. Dei kledde lerrefte-skjorte på liket. Skjorta var so lang at ho rakk til knei. I Holsen-sokni fekk dei likskjorte

i 15-årsalderen, liklaken og lerreft til sveitteduken, men ikkje sokkar.

Sp.43. Har ikkje høyrte gjete at dei bruka brudgomsskjorta
 Dei fleste
 eller brudelinet. ~~Sxxx~~/hadde likskjorta ferdig liggjande,
 stundom
 men ~~og xxx xxx xxx xxx~~ måtte ein skreddar sy likskjorta
 til liket skulde leggjast fram.

Sp.44. Svøypet, skjorta og sveitteduken var av lin. Det var
 tunt lerreft med mykje kli i-um det er rett å kalla det
 linty.

Sp.45. Føtene skulde ikkje vera synlege.

Sp.46. Skor hadde ikkje liket på seg, men kvite ullsokkar.
 svart

Sp. 47. Ja, kvinnone hadde huve på hovudet, ~~jøl~~strahuve med
 pannelin og huveband. Huvebandi var so lange at dei vart
 vart lagde 4-dubbelt, fire sløyfor hekk ned etter ryggen.
 Kring halsen hadde dei ein hekla krage, som var broten ned
 på skjorta. "Det var so vent te sjå", sa ho Johanna D. Fluge.
 Karane hadde ei tid topphuve på når dei var lagde i kista.
 Spytahuve heitte det i bygdemålet.

Sp. 48. Ukjent.

Sp.49. Ukjent.

Sp.50. Skjorta hadde taggar framme på ermane og eit svart
 band ikring. Svart band kring skjorta i halsen.

Sp.51. Likkledi var arbeidde heime heilt til siste heims-
 krigen.

Sp.52. No kjøper alle ferdige likklede av papir.

Sp.53. Papirkledi au kallar dei fir svøyp.

Sp.54. Hadde einkvan vondt i ei hand, og la handi ned på
 eit lik, vart dei gode att i handi. Hadde einkvan utslett
 t.d. i andletet, og dei la andletet ned på liket, vart dei
 gode att.

Sp.55. Har ikkje høyrte gjete det.

Sp.56. Ukjent.

Sp.47. Ukjent.

Sp.58. Mange hadde kista ståande ferdig.Sidan ho no stod der, sette dei eit og anna upp i henne.Ordet går at på ein gard hadde dei flatbrød i henne.Svært mange hadde kiste-bord liggjande.

Sp.59.Det vart bruka berre tre-naglar.

Sp 60.

Sp.61. Eit par grannar laga kista,slike ^{hadde} som godt vit på snikkararbeid.

Sp.62. Kista var svart.Dei rørde kjønnrøyk ut i vatn og koka det.Dei måtte stryka på tvo gonger,skulde kista verta svart.

Sp.63. Det var kring 1920 det var råd å få kjøpa ferdig-laga kistor,og då slutta dei etter kvart med å laga dei heime.

Sp.64.Har ikkje høyrte gjete at dei skar opning i kiste-loket.

Sp.65. Stundom la dei noko halm på kistebotnen og stundom høvelspon.

Sp.66. Dei la halm i hovudputa.På kvar side ,i den sida som snudde upp,saume dei 3 svarte krossar.

Sp.67.No kjøper alle ferdige kistor,kvitmåla.

Sp.68.Det hende liket vart lagt i kista med gullringen på, men det var ikkje ålment.

Sp.69. Ukjentxx at barnsengskvinnor fekk barnety med i kista.

Sp.70. Kista vart ikkje pynta.

Sp.71. Ukjent at dei strødde linfrø kring kista.

Sp.72:I vår tid legg dei ofte ein plante på bringa åt liket.

Det er vel berre ei kjærleiks-teneste.Har ikkje høyrte gjete slikt frå gamle dagar.

Sp.73. Ho Sygnhild i Haugo gjekk tre gonger rundt gravi

at mannen sin etter han

var gravlagd. Øystenstad-stova som står på Sunnfjord-museet, har havt ein opning i eine langveggen. Ein kan sjå det av dei stokkane som er sette inn. Stova var bygd i 1500.

Har ikkje høyrte gjete at dei gjorde noko sers med liket.

Sp.74. Næraste slekti og grannane møtte fram når dei la liket i kista. Har ikkje høyrte onnor nemning enn at "dei la han ^{etter} (henne) i kista. Dei song ~~håx for x og x~~ dei la liket i kista. Kista ~~ax~~ sette dei i høgsetet og/var det ein som ^{so} tala, las or ei bok stundom, og so song dei att.

Sp.75. Dei fekk mat dei som var til stades, ~~men~~ ingen fest med dans

Sp.76. Døydde den sjuke i stova, heldt folket seg i koven til liket vart lagt i kista. Sume sette kista i koven og let det stå der til gravferdsdagen. Sumarsbel måtte liket stå i eit svalt rom. ~~Det vart mykje brukt å sette i kista på koven.~~ Sume sette det i budi. I det huset var ikkje elda. Var ikkje liket stivna når dei la det i kista, vart det snart lik att, meinte dei.

Sp.77. 80. Ukjent herx i denne luten av bygd.

Sp. ~~77~~ 81. Nei, det vart ikkje det. Folket vilde naude setja eit lik på låven. Vyrnaden for den avlidne var so stor at det baud dei imot å lata den døde liggja i uthus.

Sp.82. Liket låg med føtene mot døri.

Sp.83. Ja, loket vart lagt på kista, men var det heitt i veret, la dei noko under loket, so det vart eit op millom kista og loket.

Sp.84. Andletsduken var firkanta og taggut i kantane. Dei kalla han sveitteduk.

Sp.85. Sjå sp.84.

Sp.86. Ja, det hende at vener og grannar som kom til gards, fekk sjå liket som låg i kista.

Sp.87. Jølster har ikkje grav-kapell.

Sp.88. Fell ^{1/2} vekk.

Sp.89. Ja, det skulde vera so stilt som råd var på garden so lenge liket låg der. Dei vart elles so upptekne med fyrebuingi til gravferdi at dei kunde ikkje taka til med arbeid det fylgde ståk og broting med.

Sp.90. Forteljarane visste ikkje um noko.

Sp.91. Det var nok tale um syrgjetid. Syrgjetidi åt ei enkje vara kring eit år. Ho skulde i minsto gå syrgjekledd so lenge. Sameleis var det for ein enkjemann.

Sp.92. Det sømde seg å fara til kyrkje og andre kristelege samlingar, sameleis å vera med i nattverden. Dei måtte ikkje vera med i danseleikar.

Sp.93. Ja, dei hadde syrgjebunad. Ei enkje gjekk utan sylgje i bringa og utan pannelin, fyrst i jordferdi og so eit år frametter. I staden for pannelin hadde dei eit svart bånd kring nedste huvekanten. Bandet rakk rundt hovudet. So hadde dei svart herdaduk. Han au gjekk ei enkje med eit heilt år, ^{kvinne-} og elles næraste/slekti åt den avlidne. Karane gjekk med svart halsklut i ei gravferd. Næraste slekti, karfolk, gjekk med den svarte halskluten/ eit år frametter. Karmannslik, karar som var gifte, fekk eit svart slips i likskjorta, brudgomsslipset. Ei brur på Myklebost i Jølster hadde eit svart bånd kring sylvet, brurkruma, Far hennar var nyleg død. ~~Kista vart ståande i stova til dagen etter, til dei skulde til kyrkje med det.~~

Sp.95-97. Ukjent.

Sp.98. Det var det same kva dag dei gravlagde liket, likevel ikkje ein sundag.

Sp.99. Mest bruka er det å segja jordferd, men gravferd er au nytta. ~~Det var lange var at liket vart borte i stova og~~

100 . Det vanlege var at liket vart bore inn i stova og sett på tvo stolar eller benker, og loket avteke, jordferds-
aftan. Kista vart ståande i stova til dagen etter, til dei skulde fara til gravstaden. Soleis var det ^{dei fleste} same stader.

Sjå
rettning
lengere
nr. 123

Andre stader bar dei liket inn i stova etter dei var ferdi-
med
ge/maten, og sette det i høgsetet, *gravferdsdagen*.

Sp.101. Dei tok loket av. I gamal tid hende det sjeldan eller aldri at dei stod ute og song liket ut.

Sp.102. Dei hadde åklede på kista etter ho sett på sleden eller vogni, truleg av di dei som skulde sitja på svilen, ikkje skulde få kjønnrøyk på kledi sine. Forteljarane veit ikkje å nemna noko visst korleis åkledet såg ut eller korleis det vart lagt på. Ei kvinne fortalde at her er åklede i bygdi med fire fargar : svart ~~kvitt~~ gult grønt og blatt. Mynsteret kallar dei gravmynsteret : tett i tett med krossar. Men ho visste ikkje um mynsteret var innført eller um det har vore i bygdi frå gamal tid og åkledet bruka til å leggja på likkistone.

Sp.103. Dei nytta ljøs. Når loket var spikra fast, sette dei tvo eller tre ljøs på svilen, eitt på ~~vidten~~ og eitt på kvar ende. Sume stader nytta dei berre tvo ljøs. Ein mann fortalde at dei hadde eit lite bord attmed kista og sette ljosi på det bordet.

Sp.104. Når dei skulde bera kista ut, sløkte dei tvo ljøs. Eldstemannen i laget tok eit ljøs i handi og gjekk fyre han som song ut liket. Han heldt handi fyre so ikkje vinden fekk blåsa ut ljøset.

Sp.10 105-106. Sjå sp.104.

Sp.107. Ljøset vart bore ut på tunet. Når berarane hadde sett kista på vogni eller sleden, sette mann ljøset på svilen. Der stod det til dei hadde gyrdt kista og skulde til å køyra.

Sp.108. Har ikkje høyrte at dei nytta ljosi til noko serskildt.

Sp.109. ~~Ikkje settar det ut~~ .Ja, ei tid. Sjå neste svar.

Sp.110. Ei tid brende dei ljøs um natti frå den dagen han eller ho døydde og til gravferdsdagen. Kristina Leirgrovbakke fortalde det var

det var so rart å sjå ljuset brenna kveldane i det romet bestefar hennar låg. Det var kring 1908. Ei tid vakte dei yver liket heilt til gravferdsdagen. Ingen av dei som lever no, hugsar det. Sume stader song dei og las upp or ei gudeleg bok. Andre stader spela dei kort. Helge L. Fluge fortalde at dei dansa i Midttunet ein gong dei vakte yver liket.

Men forteljaren hugsar ikkje visst korleis ho sa det, um det hende etter ho var fødd og/so ^{var} gamal at ho hugsar hendingi, eller um det var so folket hennar hadde fortalt at det var likdans i Midttunet ein gong. Helge var vel fødd kring 1830.

Sp. 111. Det er uråd å svar^G på kva tid dei slutta med likvoka.

Sp. 112-113. Ukjent.

114. No er det vanleg at presten talar i heimen der det er gravferd.

Sp. 115. Då sokneprest Christian Astrup slutta å vera prest i Jølster, kring 1920, vart det vanleg at presten kom i heimen og heldt gravferdstale.

Sp. 116. Den tidi presten ikkje kom i heimen, var det kjømeisteren som både tala og song. Han sa ikkje noko um han eller henne dei skulde til gravi med, men han minte dei um å vera budde til avferdi, dei som var med i laget. Men det var slett ikkje alltid det vart sagt so mange ord. Um kjømeisteren kunde syngja, var det ikkje sjøvsagt at han kunde halda gravtale. Det hende nok at det var godtso berre med songen. Salmen dei song når dei skulde syngja ut liket, var mest alltid "Når tid og stund den er for hånden".

"Dei song mykje meir fyrr enn dei gjer ho", sa ho Johanne D. Fluge, ein forteljar. Det var då ein salme fyre kjømeisteren tala og tvo salmar etter.

Sp. 117. Når dei hadde sett ~~kista~~ ^{kista} på sleden eller vogni,

for ølbikrane rundt, men noko serskildt namn på den drykken, har eg ikkje fått tak i.

118 .Det var heimebryggja øl dei drakk. Kjellarmannen, han som skulde bera ølet i bikrar frå kjellaren, sytte drykken åt dei.

119. Kjømeisteren hadde tala med folket i huset um likberarane. Det var helst folk som var komne noko upp i åri som var peika ut, og helst næraste grannane. Til vanleg var næraste slekti fritekne frå likberingi, og sameleis menn som hadde vore i ugreide med den avlidne. Kjømeisteren sa fram namni åt likberane når dei skulde syngja ut liket.

Sp.121. Dei nyttarsfjeldan eller aldri næraste slekti til likberarar. Er det ein ungdom som skal berast ut, vel dei helst unge til likberarar. Er det tilårskomme folk som ligg i kista, tek dei helst tilårskomme menn til å bera liket. Men sume gravferdsgreider er heller små, so det er ikkje so mange å velja millom. Det har hendt at søner har vore med og bera ut far sin. Det hende i 1935. Ein lærar var død. Einaste sonen hans, som var prest, var ein av likberarane.

Sp.122. Liket var og vert alltid bore ut med fotenden fyrst.

Sp.123. Nei, kista vart ikkje sett ned tre ganger. Inne i stova stod ho med hovudenden kring midt på langbenken og med ein krakk eller stol under fotenden. Berarane bar henne beinveges ut på sleden eller vogni. (Har før nemnt at kista stod på tvo stolar eller på tvo benker. Det rettaste er at ho stod som nemnt i svaret til sp.123).

Sp.124. Nei, ingen hugsar eller har høyrte um kistor som vart tekne ut gjennom opning i veggen, men Østenstad-stova på Sunnfjordmuseet, som er nemnt tidlegare i dessi svari, har tydeleg merke etter likopningen i eine langveggen.

Sp.125. Dei strødde bar, einebar, på tunvegen, frå stovedøri og so langt at dei kom ut frå tunet.

Sp.126. Nei, dei sette ikkje kista ned på tunet.

Sp.127

Både berarane og alt gravferdsfolket fekk heimebryggja øl ute på tunet.

Sp.128. Kvinnone fylgde med ut på tunet, og godtso alle fylgde med til kyrkje. Gamle kvinnor, kårkonor gav seg nok att heime stundom, serleg når veret var ufyse.

Sp.129. Alle karane drog til kyrkje med liket. Når dei skulde til å køyra, såg folk vel etter kva framfot hesten steig fyrst fram med. Steig han fyrst fram med høgre foten, var det ein kar som vart fyrste liket i grendi. Steig han fram med vinstre foten fyrst, vart det ei kvinne. Dette har sume ansa på heilt til 1920-30-åri. Stod hesten og liksom sleit med ein framfot, som det skulde vera eit lite tak for han å få foten fram, vart det ein hard daude for den neste som kom til døy i grendi.

130. Kvinnone har fylgt med til gravi so langt attende som nokon minnest.

131. Det er visst gamalt at det var til ære både for den avlidne og slekti hans at det var stor gravferd, mange menneske var med.

Sp.132. Ukjent.

Sp.133. Gardar som låg nær kyrkjevegen, postvegen, strødde hakka eine på gardsvegen frå tunet og ned til postvegen.

Sp.134. Fyre 1925 var det overlag få som hadde flaggstenger her. Er det flaggstong i gravferdsgrendi, ^vix flaggar dei på hal stong når det er gravferd i grendi. Det har vorte so etter 1925.

Sp.135. Slegtningar, grannar og vener, ^{flaggar}men langs kyrkjevegen er ikkje flagging, utan det er ein sers vyrd mann som skal til gravi, t.d. ein prest, ein bygdesogegranskar, ein kunstmålar.

Sp.136. Ja, når den døde er gravlagd, heiser dei flagget til topps.

Sp.137.Dei heiser flagget til topps når dei er visse på at liket har kome i gravi.

Sp.138.Nei,dei flaggar ikkje på halv stong heile dagen.

Sp.139.Likfylgjet stogga ikkje på vegen når dei for framum gardane,men kjømeisteren song når dei køyrde framum ein gard eller nokre gardar.Folki i tunet som fylgjet køyrde framum stod då ofte ute og lydde til songen.

Sp.140.Dei stod berre ute og såg på fylgjet og lydde til songen.

Sp.141. Dei som rodde,måtte ro tvert yver vatnet,ikkje langsmed strender^{der}/det stod bustadhus.

Sp.142. Ukjent.

Sp.143.Ukjent.

Sp.144. Dei sette ikkje kista på marki før dei kom til gravi.Då sette dei henne ned attmed gravkanten.

Sp.145.Dei la einekvister på vogni eller sleden dei skulde setja kista på.

Sp.146.Har ikkje høyrte noko um at hesten som skulde ~~likvogn~~ likvogni (eller sleden,skulde haq viss let.

Sp.147. Ja,dei måtte ikkje køyra lik med ei merr som hadde føl i seg.Då kasta ho følet.

Sp.148. Dei hadde lang veg til kyrkja,etter måten,so ~~det~~ det var ikkje so godt å lata hesten gå "fot um fot"heile vegen(fot um fot tyder å gå,ikkje springa) .So køyrde dei tak-um-til i smått tråv,larketråv,men ingi storspringing.

Sp.149.På turen heimatt køyrde^{dei}/snøggare enn då dei var på veg til kyrkja.Kappkøyring var det aldri tale.Dei køyrde då som dei køyrde frå kyrkja ein preikesundag.

Sp.150. Næraste grannen køyrde mest alltid likvogni.

Sp.151.Han som kyrde liket, sat, på kista,på svilen.

Sp.152.Kjømeisteren sat au på kista.Det var han som var songar.

Sp.163. Kista vart ikkje bori inn i kyrkja.

Sp.164. Dei song medan kista vart bori til gravi

Sp.165. Dei bar ikkje kista rundt gravi.

Sp.166. Ja, dei ringde med kyrkjeklokka når presten hadde kasta jord på ~~og dei hadde svinge sliker~~ og gravi var att-

kasta.

Sp.167. Ein mann fortalde at bestefar hans døydde i 1918.

Då måtte her vera fast gravar, for ingen drog og kasta upp gravi. Etter det har her vore fast gravar frå kring 1910-15.

Sp.168. Ukjent.

Sp.169. Før det vart fast gravar, var det tvo mann i jordferds-
grendi som kasta upp gravi. Til vanleg kasta dei upp gravi
dagen før dei skulde jorda liket, men det hende at dei drog
tidleg um morgonen og grov gravi til likfygjet kom. Det
gjekk på umgang grendi rundt med gravingi.

Sp.170. Ei tid kasta grannane til den avlidne att gravi
etter den tidi det var tilsett fast gravar.

Sp.171. Ukjent.

Sp.172. Det har vore uråd å få svar på kva ~~sax~~ meining dei
hadde med jordfestingi.

Sp.174. Jordferdsdagen stelte dei gravi so godt dei kunde,
so gravi fekk det skapet ei grav skulde ha, høveleg breid
og lang og ikkje skeiv anten på tvers eller lengd. So klap-
pa dei gravi med spade både uppa og på alle fire sidone.
Når våren kom, seig gravi ned heller mykje og vart skeiv.

Mange spadde torv heime og kørde det til kyrkjegarden og
torvsette gravkantane. Då heldt gravi seg mykje betre. Til
gravminne nytta dei trekrossar. Sume kjøpte malmplator
med namnet åt den som låg i gravi, og fødeår og dødsår.

Platone hadde same skapet som ^{ein} strokk som var kløyvd langs-
etter, på midten, men utan endegavlar. Det vanlege var nok at
gravi vart ikkje stelt med noko nemnade seinare.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke :

Tilleggsspørsmålnr.

Herad :

Emne :

Bygdelag :

Oppskr. av :

Gard :

(adresse) :

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

med Sp.173. Dei sette eit merke i gravi med same dei var ferdige gravsetjingi, ⁿante presten ~~xxx~~ jordfeste gravi likferdsdagen eller ikkje. Stundom var det ein liten trekross som dei tok med seg heimantil, og stundom ein ~~ein~~enskild tilsmidd kjepp. Anten det var kross eller ein einstak kjepp dei nytta, hadde dei skore inn nokre bokstavar, fyrste bokstavane ~~xx~~ i namnet åt den avlidne.

Sp.175. (Sp.174 sist på blad nr.8). Det var ikkje faste dagar dei stelte med gravene.

-177.

Sp.176. So langt attende gamle folk minnest, vart liket av ein sjølvmdardar bore inn gjenom kyrkjegardsledet og gravsett jamsides med gravi som var gravi sist. Men forteljarane meiner det ei tid var so at ein som hadde teke livet sitt vart teken inn på kyrkjegarden yver kyrkjegardsmuren og gravsett i ei krå. Likkledi var, etter det forteljarane veit, som likkledi åt folk som døydde ein naturleg daude, og stellet sameleis.

Sp.179. Sjå svaret på sp.176-177.

Sp.180. Udøypte born vart gravne ned i ei onnor grav, ei grav det låg lik i før.

Sp.181. Lik ^{av} born som ^{kam} for tidleg til verdi, vart sette inn i kyrkjegardsmuren. Dei la dei i ei øskje.

Sp.182. Um gravøl har dei

nyttat ordet jordferd. Gravøl var au nyttat ei tid, men no høyrer ein sjeldan eller aldri den nemningi.

183.

Sp. Til vanleg var det husbonden på garden som gjekk ~~og~~ ikring og bad til jordferds. Var det husbonden som var død, gjekk eldste sonen rundt, um han hadde søner. Elles var det ~~det~~ ikkje nokon ubrigdeleg skipnad/bedingi. På ein gard døyde ~~det~~ ^{med} mori at kona på garden. ~~Kona~~ ^{Ho} gjekk sjølv og bad til jordferds, kva grunnen no var. Ho grunngav det med at mori levde som ein kryp, og ~~skulde~~ jordast som ein kryp. Fast bedemann hadde dei ikkje. Var det husbonden som skulde jordast, kunde kona få ein annan til å beda til jordferds, helst ein slektning.

Sp. 184. I gravferd heldt dei seg til folket i grendi, utanom slekt og gode vener. Til bryllaup bad dei ungdomar ~~og~~ som budde lenger vekke.

Sp. 185. Ukjendt at bed-mannen skulde vera kledd på ein viss måte, eller at han skulde ha stav.

Sp. 186. Ingen viss måte korleis bed-mannen skulde fara fram på.

Sp. 187. Ukjent med ei viss beda-bøn. Dei sa til vanleg at han kom og bad til jordferdi hans eller hennar. Han nemde namni at dei som skulde koma, og kva tid dei skulde koma.

Sp. 188. Han som bad, fekk ikkje mat hjå dei han gjekk til.

Sp. 189. Det var ikkje skikk å senda beda-brev.

Sp. 190. Gravølet varde i tre dagar-frå jordferdsaftan i nons tider og til tridje dagen millom middag og non.

Jordferdsaftan fekk dei tvau mål mat, med same dei kom til gards, og so til kvelds. Jordferdsdagen fekk dei 3 mål mat, siste dagen 2 mål. Jordferdsaftan var det helst slekti som kom, og næraste grannen.

Sp. 191. Sjø svaret øvanfyre.

Sp. 192. Ukjent.

Sp. 193. Ukjent.

Emnenr.

Fylke:

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av:

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp.194. Næraste slekti skulde helst ikkje ha ^{med} noko tilstellingi å gjera.

Sp.195. Har ikkje høyrte gjete at grenda skulde stogga arbeidet jordferdsdagen.

Sp.196. Gjestene hadde folnene med seg når dei kom i jordferdi. Dei sende likevel søt mjølk dagen fyreåt. Mjølki skulde dei ha ^{til} ~~xxx~~ kakor, svelekakor.

Sp.197-199. Ukjent.

Sp.200. Halve sendingar har ikkje vore nytta her.

Sp.201. Jordferdene som vara i 3 dagar, minka til ein dag. Då fekk gjestene mat med same dei kom på garden. Når dei kom heimatt frå kyrkja, fekk dei middag, og so kveldsmat.

Sp.202. Etter dei slutta å bryggja øl til gravferdi, vart ~~vart~~ det ikkje skjenkt alkoholrykk.

Sp.203. Heimebryggjing til gravferder heldt seg ikkje lenger enn til andre gjestebod.

Sp.204. Kransane avløyste ikkje folnene.

Sp.205. Ja, folk hugsar at dei tok til å laga kransar. Det var huslyden at den avlidne som laga kransane, av ^ueine og farga papir, seinare av grankvister og heimelaga papirblomar.

Kransane var lagde på kista i all stilla. Seinare tok grannar og slektningar til å senda kransar, truleg kring 1925-1930.

Tbrake

13396

Sp.206. Sjø svar på sp.205.

Sp.207. Stundom brukar dei silkeband,foreldre som skal gravleggja eit av barn sine, born på kista åt eitt av foreldri, gode vener. Det vanlege er kransar utan silkeband.

Sp.208. Nokre kransar vert jamleg lagt på kista i gravi, resten legg dei på gravi etter ho er attkasta. Ein og annan gongen hender det, serleg haust og vinter, at dei legg ein eller nokre kransar inn i våpenhuset og tek dei att når våren kjem. Dei som ligg på gravi, vert tene vekk kvar vår.

Til vanleg får ikkje folket mat før dei kjem att frå kyrkja. Då får dei middag. Seinare på dagen får dei kaffi. Det er alt. Sume stader får dei full kveldsmat. Og det hender nok at gravferdsfolket får frukost med same dei kjem til garda.

Sp.211. Hotell ligg ikkje so nær at folk kan nytta det i gravferder. Matsalen i ungdomshus har vore nytta nokre få gonger.

Sp.212 Kring 1930 har folket meir og meir lyst dødsfall i bygdeblad.

Heimelsmenn : Johannes Ospehaug, 75 år, bonde h.v. og
kona hans, Sofie, 70 år, Vassenden i Jølster,
Johanne D. Fluge, kårkone, 78 år, Vassenden,
Moses Støfring, bonde, 60 år, Eikås, Jølster.
Kristine Leirgrovbakke, hushjelp, 60 år.

Uppskrifti er ikkje etter eigi røynsle.